

# Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035

Sølve Sondbø, seksjonssjef Vestland fylkeskommune



# Folkevalde «feiga ut» då dei skulle vedta ny plan for vindkraft

Den første regionale fornybarplanen i landet er utsett. Statsvitarar kallar det eit demokratisk problem at politikarar «ryddar vanskelege spørsmål unna valkampen».



VENTER PÅ GODOT: Vestland fylke sting vedtok i førre veke å utsette kraftspørsmål til etter valet: – Feigt og ansvarslaut, seier kritikarar.

FOTO: TORE MEEK / NTB



Håvard Nyhus  
Journalist

Publisert 23. mars kl. 05:59  
Oppdatert 23. mars kl. 06:29



I midten av mars var Vestland fylke sting samla for å vedta ny [energiplan](#). Vedtaket skulle vere kulmineringa av eit arbeid som

tland  
eskommune

# Fornybar kraft skal vera eit konkurransefortrinn for norsk industri og norske arbeidsplassar

Korleis ein vektar nedbygging av natur, klima og næringsutvikling, er avhengig av om ny kraftproduksjon går til rein eksport, eller om ein også i framtida skal kunna nytta krafta som ein konkurransefordel for nye grøne arbeidsplassar i vestland og Norge.

Det var bakgrunnen for at Sp i Fylkestinget vedtok å utsetja deler av Plan for fornybar energi i Vestland som omhandlar ny produksjon, til etter Straumprisutvalet har levert si innstilling 15. oktober.

Deltema som omhandla linjenettet, kunnskap og innovasjon vart vedteke. Samstundes som det skal utarbeidast ein strategi for energisparing.

Fleirtalet (Sp, Ap, S, V) sende denne uttalen til Regjeringa.

«Ny energiproduksjon må vera ein konkurransefordel for norske grøne arbeidsplassar

Scenario og samarbeidsprosjektet Grøn Region Vestland har avdekkja eit potensiale på 24 000 nye arbeidsplassar, 55 prosent CO2 reduksjon og 40 milliardar auke i eksport i Vestland innan 2030. Arbeidsplassar med utgangspunkt i våre fortrinn og ressursar, som havbruk, grøn skipsfart, energi, reiseliv, teknologi og sirkulære modellar.

Over 80 prosent av desse arbeidsplassane har behov

for meir energi.

Det vil derfor vere viktig å sikre utbygging av både ny produksjon og linjenett, kombinert med energieffektivisering og regulering.

Fylkestinget deler målsetjinga i Hurdalsplattforma der det er slått fast at konkurransefordelen vi har hatt i Norge med låge straumprisar skal vidareførast, noko som er ein viktig føresetnad for å utvikla attraktive lokalsamfunn og lønsamt næringsliv i heile landet.

Næringslivet betalar no prisen for høge straumprisar.

I vårt prisområde har straumprisen direkte samanheng med den stadig tettare tilknyttinga til Europas energimarknad, særleg med dei to siste likestraumkablane til Tyskland og Storbritannia. Konesjonen er gitt for kraftutveksling ikkje for eksport.

Dette er i direkte strid med prinsippa i EU's energimarknad, der målet er like energiprisar i heile marknaden.

Vestland Fylkesting imøteser difor Ekspertutvalet sitt arbeid for å sjå på prisdannning, regulering og handlingsrom innan kraftsektoren, og dermed kunna følgja opp måla i Hurdalsplattforma om rein fornybar energi som grunnlag for auka verdiskaping og ein konkurransefordel for Norske arbeidsplassar.

Fylkestinget i Vestland med Regjeringa ha full trykk



Fylkesordførar Jon Askeland og gruppeleiar for Senterpartiet si fylkestingsgruppe Sigrid Brattabo Handegard. Arkivfoto

på dette arbeidet, slik at ein veit kva premis som ligg til grunn når ein skal ta stilling til ny kraftproduksjon.

Vestland har ofra trykke natur for å sikra samfunnet energi gjennom tidene. Om krafta går til rein eksport, eller krafta kan styrast for å sikra norske arbeidsplassar, vil ha betydning for korleis ein vektar natur, klima og verdiskaping i denne type saker.»

Den EU-venlege Høgresida og Raudt omtalar dette som feigt, vi misser verdifull tid og peikar på den handlekraftige Eu kommisjonen.

Det lever me godt med. Det ligg etter vår kunnskap diverre få prosjekt og ventar på handsaming hjå NVE. Det går ingen GWh tapt av denne utsetjinga. Kanskje høgpartia skulle hatt noko meir fokus på nasjonal styring og behovet for meir fornybar

energi i sine åtte år i regjering?

Etter Senterpartiet sitt syn er det derimot ansvarleg og klokt å vita premisane for det ein skal ta stilling til i viktige avvegingar, ikkje feigt.

**Jon Askeland**  
Fylkesordførar  
**Sigrid Brattabo**  
Handegard  
Gruppeleiar Sp

## Produksjon av elektrisk kraft (GWh) i 2019





## Berekraftsmål 7 - Rein Energi til alle - sikre påliteleg, berekraftig og moderne energi til en overkommeleg pris.



Planen skal òg bidra til å nå følgande berekraftsmål, og deira delmål:

- 9 Industri, Innovasjon og infrastruktur
- 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn
- 13 Stoppe klimaendringane
- 15 Livet på land
- 17 Samarbeid for å nå måla

# Vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping

## Plantema

### Auka produksjon frå fornybare energikjelder

Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.

Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der dei har høgast verdi for samfunnet.

Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagass utslepp i Vestland

Vi har kompetanse, forskning og utdanning til å utvikle fornybar energi

## Plantema

### Robust kraftforsyning i Vestland


Vi har stabil og positiv kraftbalanse

Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland.

Vi utnyttar mangfaldet av fornybare energikjelder som gjer oss mindre sårbare for utføresette endringar i energiproduksjonen

Vi har ein infrastruktur for energiberarar som gjer at vi kan nytte oss av svingingane i kraftproduksjonen og avlaste nettet

Vi har sikra nok tilgang på rein energi til hubane i  
Grøn region Vestland





## Ambisjonsnivå og utbygging av vasskraft

- I Vestland er vasskraftverk oppgradert og utvida med fokus på miljøet i vassdraga
- I Vestland har vi nytta oss av auka nedbørsmengder til å produsere meir kraft og til å betre miljøet i vassdraga
- Småkraftverk er realisert og bidratt til auka vasskraftproduksjon
- Alle vasskraftprosjekt som har fått endeleg konsesjon er realisert
- 4-6 TWh ny vasskraft i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland



## Ambisjonsnivå og utbygging av Solenergi

- I Vestland er det lagt til rette for solenergiproduksjon både på eksisterande og nye bygningar og infrastruktur
- På bygg i Vestland brukar vi solenergi med minst mogleg klimafotavtrykk
- Vi legg til rette for at solenergi skal inngå i samspelet med dei andre fornybare energikjeldene
- Produksjon av energi frå solenergi har passert 1-2 TWh i utgangen av planperioden



## TERMISK



### Ambisjonsnivå og utbygging av termisk energi

- I Vestland brukar vi teknologiane innan termiske energikjelder i bygg, der dei er best eigna
- I Vestland har vi stimulert til auka bruk av restvarme gjennom industriell symbiose

## BIOENERGI



### Ambisjonsnivå og utbygging av Bioenergi

- Dei sirkulære verdikjedane som tek i bruk sekundærprodukt, avfall og andre overskotsressursar som innsatsfaktorar i bioenergianlegg er styrka.
- Verdikjeda er organisert på ein slik måte at det er eit netto opptak av klimagassar ved produksjon og bruk av bioenergi.

## HAVENERGI



### Ambisjonsnivå og utbygging av Havenergi

- Det er lagt til rette for utvikling av teknologiar som gjer energi produksjon frå havet
- Forsking og utvikling av produksjon frå havenergi er styrka gjennom utdanningsløpa og kompetanseheving
- Teknologitvillinga innan havenergi skjer saman med lokal bedriftsutvikling og verdiskaping
- Havenergi dempar trykket på nettkapasiteten ved å levere straum til industrien ved kysten

## VINDKRAFT



### Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi

- I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv.
- I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft som var i strid med kommunestyrevedtak.
- I Vestland har vi utvikla havvind i samråd med havbruk- og fiskeinteressene.
- Vestland har stilt tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiingar i samband med vindkraftutbyggingar. Naturmangfaldslova og miljøforvaltninga har vore sterkt vektlagt.
- **5-10 TWh straum frå havvind har blitt ilandført i fylket**
- 0,5 - 3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland


## Deltema - energiberarar

- Forsking og utvikling av energiberarar er styrka gjennom utdanningsløpa og kompetanseheving
- Teknologikutviklinga innan energiberarar skjer saman med lokal bedriftsutvikling og verdiskaping
- Vestland fylke har lagt til rette for overgangen til låg- og nullutslepp for alle transportformer, både på veg, i sjø og innan luftfart gjennom å støtta utbygging av infrastruktur som mogleggjer bruk av energiberarane batteri og hydrogen
- Vi deltek i utviklinga av ei styrka europeisk verdikjede for batteri gjennom auka næringsutvikling innan material for batteri, battericelleproduksjon og utvikling av batterisystem.

## Deltema - Utdanning, forskning og innovasjon

- Vi har skapt ei brei forståing av den viktige rolla kraft frå fornybar energi spelar for økonomien i fylket.
- Vi har bygd kompetanse innanfor fornybar energi gjennom utdanning, forskning og innovasjon.
- Etter og vidareutdannings tilbodet i fylket har vore tilpassa til økt kunnskap og ferdigheter innanfor fornybar energi og energiberarar

## Deltema – samspelet i kraftsystemet



## Ambisjonsnivå og utvikling av kraftforsyninga

- Vi har samarbeida på tvers av teknologiar og interesser for å skape ein kraftsituasjon som har gagna innbyggjarar og industriutviklinga i Vestland.
- Samspele av dei fornybare energikjeldene har gjeve eit robust kraftnett som har auka verdiskapinga i Vestland.
- Sentralnettet i Vestland er oppgradert til, og drifta på, 420 kV med mellom anna følgjande tiltak (transformatorstasjonar kjem i tillegg):
  - 2025: ferdigstilling av 420 kV linje Sogndal-Aurland
  - 2027: ferdigstilling av 420 kV linje Blåfalli-Gismarvik
  - 2028: spenningsoppgradert til 420 kV på sambandet Modalen-Øygarden
  - 2029: spenningsoppgradert til 420 kV på sambandet Sogndal-Modalen
  - 2031: spenningsoppgradert til 420 kV på sambandet Sauda-Samnanger og tredje 420 kV-samband inn til Kollsnes
  - 2031-2035: spenningsoppgradert resten av sentralnettet i Vestland til 420 kV; ytre ring sør, Sogndal-Fortun, Husnes-Stord-Haugalandet og Sauda-Røldal-Åsen/Øksla.

## **Deltema- kjernekraft**

- Fylket har fylgd utviklinga av kjernekraft teknologi gjennom planperioden og vurdert behov for eiga analyse av energikjelda for bruk i Vestland.

# 38 retningslinjer for fornybar energi

Kommunal, regional og offentlig planlegging

Anskaffingar

Vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene

Reguleringsplanar

Kulturminne

Reiseliv

Fjordlandskap

Sårbart høgfjell

Biologisk mangfald

Fisk

Friluftsliv

**Urørd natur på land eller der viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv ikkje blir forringa.**

## Fornybar energi planen

